



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Teamsmøte
Dato: 07.04.2026
Tid: Kl. 13:30 - 14:30

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde

Nils Jørgen Sagebø

Jorunn Petrine Frøyen

Magne Ivar Kjerpeset

Svein Olav Senneset

Kjell Sørland

Parti

AP

AP

H

SP

V

VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.

Evy Merete Myklebust

Parti

V

Følgjande varamedlem møtte

Svein Arne Torvanger

Parti

V

Andre som møtte:

Hilde Jenssen Midtbø

Tom Joensen

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
029/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/26	Drøftingssak
004/26	Høyring av NOU 2026:1 Ei bærekraftig kommune
031/26	Midlertidig endring av alkohollova sine avgjersle om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrer 2026

029/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 07.04.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Formannskapet 07.04.2026:

Handsaming:

FSK- 029/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 07.04.26 vart godkjende slik dei låg føre.

030/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssak vert teke til vitande.

Formannskapet 07.04.2026:

Handsaming:

NOU - Ei bærekraftig kommune - drøftingssak

Innleiing ved Elisabeth Hatlenes - presentasjon vert lagt inn i saka.

Dette kom fram i saka:

- Krav og tenester som er lovpålagde - vanskeleg for kommunane når det gjeld økonomi, tigong å kompetanse og arbeidskraft.
- Overordna myndigheiter kjem med urimelege krav som gjer at ein må prioritere vekk viktige oppgåver som ikkje er lovpålagde.
- Kompetanse og rekruttering er avgjerande for ein kommune - må ha ressursane til dette.
- Ein må sjå på statlege og fylkeskommunale stillingar og oppgåver - det må vere omstilling hos dei også
- Kommunane må få større sjølvråderett - i dag er det svært ressurskrevjande for kommunane å følgje opp alle krav frå t.d Statsforvaltar og fylkeskommune. Dette gjeld mellom anna planar og klager. Behov for forenkling av regelverk.
- Rammeoverføringar frå staten er øyremerka. Kommune får fleire oppgåver utan at det fyl midlar med, ikkje fullfinansiert.
- Kompetansekrav - avgrensar kommunane slik at dei ikkje kan prioritere etter eigne behov.
- Lærarnorm - bevare denne men ein må kunne ha moglegheit for å tilpasse etter lokale behov.
- Kommunar som frigjev områder i naturen for til dømes vann og vindkraft bør få behalde inntektene frå dette. Rammevilkåre må ligge fast og vere forutsigbare.
- Kommunane må ha eit større handlingsrom.

FSK- 030/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Drøftingssak vart teke til vitande. Ordførar får i oppdrag å svare ut høyringa "Ei bærekraftig kommune" etter innspel frå formannskapet.

004/26: Høyring av NOU 2026:1 Ei bærekraftig kommune

Formannskapet 07.04.2026:

Handsaming:

FSK- 004/26 Vedtak:

031/26: Midlertidig endring av alkohollova sine avgjersle om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Bremanger kommunestyre gjev dispensasjon frå alkoholpolitisk plan, og vedtek midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 inntil kl. 06.00, med samsvarande opningstider, i perioden 11.juni til 19. juli 2026.
2. Utviding gjeld berre for skjenkestadar med serveringsbevilling og som viser direktesende kampar under fotball-VM.
3. Skjenkinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.
4. Skjenkestaden skal syte føre tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestadane i kommunen, skjenkestadane som ønskjer utvida skjenke- og opningstid må søkje om dette.

Formannskapet 07.04.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

Medlemmane i formannskapet hadde ulike synspunkt på saka, både for og imot. Dei pressiserte at det var viktig å leggje saka ut på høyring før handsaming i kommunestyret i mai.

FSK- 031/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

Saka vert lagt ut på høyring , før endeleg vedtak i kommunestyret i mai.